



Arkivnr: 2016/3295-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

### Voss Mylna. Vurdering av fylkeskommunal representasjon

#### Samandrag

Saka gjeld oppfølging av vedtak i Fylkestinget i desember 2015, sak PS 97/2015 *Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015-2019*. I samband med handsaming av oppnemning av fylkeskommunal styremedlem til styret i Voss Mylna, vart følgjande vedtak gjort:

«Det vert ikkje oppnemnd nytt styremedlem i Voss mylna før situasjonen knytt til fylkeskommunen sitt ansvar/forhold til stiftelsen og selskapsform er avklart.»

Kultur- og idrettsavdelinga har i si faglege vurdering konkludert med at det ikkje er grunnlag for fortsatt fylkeskommunal representasjon i stiftinga Voss Mylna. Stiftinga høyrer ikkje til institusjonar/organisasjonar som får driftsstøtte over fylkeskommunale budsjett. Hordaland fylkeskommune er heller ikkje medeigar i stiftinga.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser ikkje at det er faglege eller strategiske argument for at fylkeskommunen skal vere representert i styret i Voss Mylna.
2. Hordaland fylkeskommune seier frå seg retten til å få oppnemnt eit styremedlem i stiftinga Voss Mylna.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Kst fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.03.2016**

Saka gjeld oppfølging av vedtak i sak PS 97/2015 *Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015-2019*. I handsaminga av oppnemning av fylkeskommunal styremedlem til styret i Voss Mylna, vart følgjande vedtak gjort:

«Det vert ikkje oppnemnd nytt styremedlem i Voss mylna før situasjonen knytt til fylkeskommunen sitt ansvar/forhold til stiftelsen og selskapsform er avklart.»

Voss Mylna er ei bygdemølle med vassdrevet turbin, og var ei småindustrimølle i drift frå 1880 til 1969. Rundt 1990 starta eit omfattande restaureringsarbeid der mellom anna Hordaland fylkeskommune, NVE og Voss kommune var økonomiske bidragsytarar. Stiftinga Voss Mylna vart etablert i 1991. I forslag til vedtekter står det for hand at desse er godkjent av rådmann og fylkesmann. Om stiftinga si styresamansettning står det i punkt 4:

«Stiftelsen skal ha eit styre på 7 medlemmer, med personlege varamenn. 1 medlem skal oppnemnast av Fylkeskommunen, 1 medlem vald av Voss Kommune, 5 vert valde til årsmøtet i stiftelsen.» Om vedtektsendringar i punkt 6. heiter det:

«Vedtektsendringar og vedtak om oppløysing treng  $\frac{3}{4}$  fleirtal i styret.»

Hordaland fylkeskommune er i gong med ei kartlegging av selskap/organisasjonar der Hordaland fylkeskommune er involvert, med omsyn til både eigarskap og deltaking i styrer, mellom anna for å vurdere kvar ein skal vere representert og prinsipp som skal ligge til grunn for fylkeskommunen sitt engasjement. Saka om Voss Mylna kjem såleis i forkant av ei meir overordna sak som rører ved den same problematikken.

I denne saka vil ein vise til sak om *Fylkeskommunal representasjon i museumsstyre etter konsolidering*, handsama i fylkesutvalet 11. oktober 2007. Her viste fylkesrådmannen til «at det generelt kan vera lite politisk interessant å delta i styret for eigarmuseet etter at drifta og tilskotsmidlane er overført til det konsoliderte museet. Eigarstyra har ikkje lenger drifts- eller utviklingsoppgåver, og mottekk ikkje direkte driftstilskot.» Fylkesrådmannen si anbefaling var at fylkeskommunal representasjon i styre i eigarmuseum som etter konsolideringa vert drifta av nye einingar, bør avviklast. Saka er samanliknbar når det gjeld argumentet om driftstilskot. Voss Mylna får ikkje driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen si satsing på museumsfeltet går gjennom dei ti konsoliderte musea. Her er fylkeskommunen representert i driftsstyret. Voss Mylna er ikkje eit konsolidert museum og heller ikkje i prosess for å verte del av ei større museumseining. Det er ikkje krav i vedtekten til Voss Mylna om at endring av vedtekter eller oppløysing skal godkjennast av Hordaland fylkeskommune.

Det er heller ikkje argument av strategisk art knytt til representasjon i Voss Mylna, det vil mellom anna seie at ein ønskjer representasjon for å følgje opp politikk innan dette feltet.

Kultur- og idrettsavdelinga har i si fagleg vurdering konkludert med at det ikkje er grunnlag for fylkeskommunal representasjon i stiftinga Voss Mylna. Stiftinga høyrer ikkje til institusjonar/organisasjonar som får driftsstøtte over fylkeskommunale budsjett. Hordaland fylkeskommune er heller ikkje medeigar i stiftinga.